



# Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 16/2015

Møtedato: 15.6.15

Møtestad: Vaset

Saksbehandlar: Harald Ranum

## **S628. Nørre Trøllhøvd – søknad om sel**

Torill Trøen søker om å få føre opp ei nytt sel på stølen på Nørre Trøllhøvd. Eksisterande sel er så dårleg at det ikkje er praktisk å restaurere. Det blir søkt om å få føre opp eit nytt sel på 67,3 m<sup>2</sup> BRA. Det gamle selet er i følgje stølsregisteret på 58 m<sup>2</sup> BYA. Søkjar må bruke det gamle selet i byggeperioden og søker derfor om å få ha dette ståande til nytt sel er ferdig, avgrensa til 3 år frå godkjenningssdato.

Søkjar brukar stølen til fôrproduksjon og Søkjaren driv fôrproduksjon til eigne dyr og sal av fôr. I tillegg til drift med eigne hestar, vil ein ta inn travhestar for trening og rehabilitering. Stølen er etter fjellova i bruk og skal behandlast etter §10 i stølsforskrift:

*Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp, utvide og endre hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal ta stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og kan setje vilkår for oppføring, utviding og endring av hus. Fjellstyret skal leggje saka fram for Statskog SF til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak etter dette leddet.*

*Om fjellstyret vil krevje at hus eller anlegg som alt står, skal rivast, må fjellstyret leggje saka fram for regional kulturminnestyresmakt til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved nybygg og endring eller utviding av hus på seter, der dette vil påverke eksisterande kulturmiljø.*

Statskog har gjeve følgjande uttale datert 7.5.15:

*Viser til oversendt søknad om riving og nybygging av seterhus på fnr 628, Nordre Trollhovd. Setra er i følge søknaden i bruk til grasproduksjon og trening av travhester. Dagens seterhus er i dårlig forfatning, og kan i følge søker ikke repareres uten en full ombygging. Søker mener derfor det vil være mest rasjonelt og enklest med tanke på seterdrift i byggeperioden om det bygges et nytt seterhus før nåværende rives.*

*Det er positivt at setereier ønsker å holde seterbebyggelsen i orden og i bruk. Selv om trening av travhest ikke kan anses for å være en landbruksvirksomhet, anses setra for å være i bruk jfr seterforskriften i og med at det produseres fôr for salg. I følge søker har det også periodevis innenfor siste 20 år vært drevet forskjellige former småskala turisme fra setra.*

*Statskog har ingen innvendinger til søknaden. Det forutsettes at fjellstyrets behovsvurdering av tiltaket synliggjøres i saksfremlegget. Det forutsettes også at det settes en tidsfrist på maksimalt 3 år for riving av det gamle seterhuset.*

Oppland fylkeskommune skriv i brev dater 6.5.15 at det ikkje er merknader til søknaden, men føresett at det nye bygget blir tilpassa andre stølshus i området.

Fjellstyret drøfta drift med trening av travhestar som næring sak 19/2012 og delte ikkje Statskog sitt syn på at dette ikkje kunne reknast som næring. Fjellstyret godkjente i denne saka oppføring av nytt fjøs ut frå nettopp denne drifta. Det ulike synet mellom Statskog og fjellstyret har likevel ikkje avgjerande betydning sidan søker uansett har anna drift som oppfyller kravet om drift ved å drive sal av fôr.

Eksisterande sel er etter dagen standard lite og utviding av arealet til 67 m<sup>2</sup> er ein normal storleik for eit sel som skal brukast av ein familie. Statskog har ingen merknader til utviding av arealet når det er behov for det i drifta. Utviding av arealet bør derfor vera ei kurant sak å få godkjent.

Fylkeskommunen ber om at bygget blir tilpassa andre bygg i området. Huset bør ha materialbruk, takvinkel, form, fargebruk og detaljering som harmonerer med dei andre bygningane. Vindauga bør vera tradisjonelle, sidehengsla med gjennomgåande sprosser. Fjellstyret bør råda søker til å følgje generell tilråding frå fylkeskommunen.

### **Framlegg til vedtak:**

Fjellstyret finn at det er behov for omsøkte sel og godkjenner søknaden etter § 10 i stølsforskriftene.

Vedtaket er gjort på vilkår av at det eksisterande sel blir fjerna når det nye selet kan takst i bruk og seinast 3 år frå godkjenning. Fjellstyret ber søker om å følgje generell tilråding frå Oppland fylkeskommune.

### **Vedtak:**

Fjellstyret finn at det er behov for omsøkte sel og godkjenner søknaden etter § 10 i stølsforskriftene.

Vedtaket er gjort på vilkår av at det eksisterande sel blir fjerna når det nye selet kan takst i bruk og seinast 3 år frå godkjenning. Fjellstyret ber søker om å følgje generell tilråding frå Oppland fylkeskommune.

Vedtaket er samrøystes. Toril Trøen var inhabil og deltok ikkje i behandling av saka.

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket. Byggeløyvet er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden. Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.

I følge §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 22.6.15

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Toril Trøen  
Statskog  
Vestre Slidre kommune  
Oppland fylkeskomme